

Norges vassdrag- og energidirektorat (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo

Bergen, 27.6.2014

Høringsuttale om Koldalsfossen kraftverk i Fusa kommune

Viser til brev av 2.3.2014 med søknad frå Koldalsfossen kraftverk SUS om løyve til utbygging av Koldalsfossen i Fusa kommune. Fossen ligg nær kommunesenteret Eikelandsosen, og kring 40% av vassføringa i elva er frå før overført og utbygd i Eikelandsosen kraftverk. Både ovanfor og nedanfor fossen er det kulturminne frå tidlegare tiders utnytting av fossekrafta.

Samandrag

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) er negativ til den planlagde utbygginga, fordi så mykje av vassdragsnaturen i Fusa er utbygd frå før eller søkt utbygd. Vidare medfører utbygginga negative konsekvensar i form av tap av biologisk mangfald, kulturmiljø og landskap. Nytteverdien av utbygginga kan på ingen måte vega opp for summen av dei negative konsekvensane, og NVH fråår difor NVE å gje konsesjon.

Generelt om tiltaket

Kraftverket vil utnytte fallet på 37 meter i Koldalsfossen ut i fjorden. Frå inntaket på kote 37 skal det gå røyrtunnel 300 meter ned til kote 25, derifrå ei 30 meter lang røyrgate ned til kraftstasjonen under fossen. Røyrgata og tunnelen vil gå på nordsida av fossen. Frå riksvegen rett nord for brua over utløpet av elva går det ein 140 meter lang kjerreveg opp til ein gamal nedlagt kraftstasjon, like ved fossen. Den nye kraftstasjonen skal liggja like ved den gamle, og vegen skal utvidast til full breidde.

Hydrologi

Nedslagsfeltet for Koldalsfossen kraftverk på 25.6 km² er restfeltet av Eikelandsvassdraget på 43.6 km², som var igjen etter at Eikelandsosen kraftverk blei bygd . Dette betyr at 40% av den opphavlege vassføringa i Koldalsfossen frå før er overført til eit anna kraftverk. Middelvassføringa er på 2 368 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 4 820 l/s som vil gje ein installert effekt

på 1.4 MW og årsproduksjon på 4.09 GwH. Det er lagt opp til ei minstevassføring på 120 l/s heile året. Tiltaket vil altså føra til 95% redusert vassføring langs ei elvestrekning på 330 meter. Hydrologikurvane (vedlegg 3) viser at det vil bli minstevassføring eller mindre i 5 månader av året etter utbygging, noko meir i tørrår enn i våår. Det meste av nedbøren kjem i vinterhalvåret, medan det blir nær tørrlegging i sommarhalvåret.

NVH meiner at ein så sterk reduksjon i vassføringa vil føra til auka forureining og vera i strid med EU sitt vassdirektiv, og at påstanden på side 26 i konsesjonssøknaden om at utbygginga «fremjar bærekraftig bruk av vassressursen» er grunnleggjande feil.

Biologisk mangfald

(1) Akvatisk miljø

Skjelbreidvatnet (48 m.o.h.) ovanfor fossen har bestandar av røye og bekkeare, truleg også stingsild. Fiskeundersøkingar er ikkje blitt utført, likevel blir det påstått i konsekvensvurderinga (side 19) at Koldalsfossen er så «bratt og grov» at fisken ikkje kan koma opp. Likevel er den raudlista ålen observert ovanfor fossen. Men utbygginga vil gjera det endå vanskelegare for ålen å gå opp i vassdraget, dessutan vil opptil 50% av ålebestanden ikkje overleva turbinane på vegen ut, difor er det foreslått å installera ei såkalla «Coanda rist» som skal hindra større fisk å gå i turbinane. Metoden er omdiskutert.

Botndyrfaunaen er ikkje undersøkt. I det heile er undersøkingane av det akvatiske miljøet svært mangelfull, og grunnar seg for ein stor del på tidlegare referansar og hypoteser, i strid med kravet om kunnskapsbasert forvaltning (§8 i Naturmangfaldlova). Det er ikkje grunnlag for å seia at «det er klart at det ikkje er fisk på den aktuelle elvestrekningen» (side 32) når ein ikkje har undersøkt det i det heile.

(b) Verneverdige naturtypar

På side 18 i konsekvensvurderinga står det at like nedanfor inntaket er det ein kort strekning med den truga naturtypen bekkekløft eller «elveløp». Av ukjent grunn er denne naturtypen ikkje omtalt i vurderinga, altså endå eit brot på kravet om kunnskapsbasert forvaltning (§8 i Naturmangfaldlova).

Naturtypen kring fossen er karakterisert som fossesprøytzone, dette er og ein truga naturtype. I konsekvensvurderinga side 15 er fossesprøytsona karakterisert som «blankskurt berg» med artsfattig vegetasjon, noko som skuldast den sterke (40%) reduksjonen i vassføringa då Eikelandsosen kraftverk blei bygd. Likevel står det på side 17 ei lang liste med kryptogamplanter som veks langs fossesprøytsona, delvis på ein vertikal bergvegg og delvis på steinblokker nær elveløpet. Fleire av mose- og lavartane som er lista her, er relativt kravfulle og sjeldne, sjølv om dei ikkje står på raudlista. Det er difor lettvtint og spekulativt å seia at «basert på kunnskapen om artssammensetningen på bergene der det var mulig å komme til, er det liten sannsynlighet for at det finnes spesielle arter her.»

(c) Terrestrisk miljø

På same måte som når det gjeld fisk, er registreringane av fugl og fuglelokaliteter svært overflatiske og mangelfulle, og det blir berre vist til tidlegare rapportar. Det står på side 14 at «vassdragstilknyttede arter som fossekall og strandsnipe er sannsynlig forekommende i elva», men det er ingen observasjonar verken av fugl eller av hekkelokaliteter. Om pattedyr står det ingenting. Likevel heiter det i konklusjonen på side 23 at «Samlet sett vurderes tiltaket å gi liten negativ virkning på pattedyr og fugl.» Dette er eit klart brot på føre-var-prinsippet, som er nedfelt i Naturmangfaldlova §9.

På side 22 i konsekvensvurderinga står det at «reduisert vannføring medfører at fuktighetskrevende lav- og mosearter som finnes langs elva, reduseres i mengde» slik at elvekantane gror meir igjen, og tørketolande artar konkurrerer ut dei fuktighetskrevende. I tillegg blir det mindre sjanse for flaumar, noko som er «negativt for pionerarter på berg». Dette er moment som burde ha fått ein breiare plass i konsekvensvurderinga.

Den raudlista fuktighetskrevende arten flommose (*Hylocomium armoricum*) er påvist på sørsida av elva like nedanfor inntaket. For å bøta på den sterkt (95%) reduserte vassføringa, er det foreslått å føra minstevassføringa over i den sørlege greina av elva, nærast flommoselokaliteten. Etter NVH si meining er det tvilsamt om dette er nok til å hindra at mosen forsvinn på grunn av uttørking.

Berggrunnen langs elva er fyllitt og skifer, og gir grunnlag for ein rik vegetasjon, med blanding av edellauvskog, gråor-heggeskog, sumpkratt og blåbærskog. Dette indikerer også at sjeldne og kravfulle karplanter og kryptogamar kan finnast langs vassdraget.

Kulturminne og turisme

Langs elva både ovanfor og nedanfor fossen er det kulturminne frå tidlegare tiders utnytting av fossekrafta, blant anna murar etter ei oppgangssag, ei gamal kvern og ein dunkefabrikk (= tønnefabrikk) frå 1800-talet og ein margarinfabrikk og Koldal kraftverk (1930-57) frå 1900-talet. Tiltakshavar skriv at dei vil rusta opp desse kulturminna og gjera dei meir tilgjengelege, og at den påtenkte utbygginga vil synleggjera korleis vatnet kan utnyttast i eit moderne kraftverk. Men etter NVH si meining blir den kulturhistoriske og turistmessige verdien av desse kulturminna kraftig redusert når vassføringa i fossen blir redusert med 95%. Dessutan kan desse kulturminna rustast opp uavhengig om det blir utbygging eller ikkje, så dette er ikkje noko argument.

Som ein ekstra attraksjon kan nemnast at det like ovanfor fossen fins jettegryter i elveløpet, som er danna ved at vatn og sand har hola ut steinar og berg i samanheng med issmelting og flaumar.

Samla belastning

I Fusa kommune er det frå før mange små og mellomstore kraftverk som har fått konsesjon eller har søkt om konsesjon dei siste åra, særleg etter at ordninga med grøne sertifikat blei innført. Dei 7 kraftverka som har fått konsesjon, utgjer til saman 46.7 MW med ein årleg produksjon på 112 GWh, det største er Eikelandsosen kraftverk med 30 MW og 60 GWh produksjon. Koldalsfossen med 1.4 MW og 4.09 GWh utgjer ein relativt liten tilleggsproduksjon, der skadene på naturmiljøet ikkje står i noko forhold til gevinsten i form av kilowatt.

Også i regional samanheng betyr Koldalsfossen mykje, fordi den er så lett tilgjengeleg og representerer så store verdiar i form av biologisk mangfald og natur- og kulturbasert turisme. Dette blir då også understreka på side 39 i konsesjonssøknaden der det står «Tiltaket ligg i eit område med betydeleg vasskraftutbygging. Ein vil tru at ein del av innbyggjarane helst ville sett at Koldalsfossen ikkje realiserast. Samtidig har fossen vorte brukt til næringsverksemd i lange tider».

Konklusjonar

Naturvernforbundet Hordaland kan ikkje sjå at dei samfunnsmessige sumverknadane er meir positive enn dei negative konsekvensane av utbygging av Koldalsfossen, fordi:

(1) Konsekvensane av redusert vassføring er ikkje godt nok klarlagt.

NVH meiner at konsekvensane tiltaka medfører ikkje er godt nok undersøkt og kartlagt: Dette gjeld til dømes undersøkingar av fugle- og fiskefaunaen, og botndyr som til dømes fossekallen er avhengig av for å overleva. Konklusjonane når det gjeld verneverdige naturtypar er lettvinde og spekulative. Korleis redusert vassføring vil påverka raudlista plante- og dyreartar er heller ikkje tilstrekkeleg dokumentert. NVH minner om at Naturmangfaldslova § 9 gjeld når ein er i tvil om konsekvensane av eit tiltak, der det heiter:

Når det treffes en beslutning uten at det foreligger tilstrekkelig kunnskap om hvilke virkninger den kan ha for naturmiljøet, skal det tas sikte på å unngå mulig vesentlig skade på naturmangfoldet. Foreligger en risiko for alvorlig eller irreversibel skade på naturmangfoldet, skal ikke mangel på kunnskap brukes som begrunnelse for å utsette eller unnlate å treffe forvaltningstiltak.

I desse sakene kan ein ikkje utelukka at raudlista- dyre og planteartar vil verta hardt råka av utbyggingane.

(2) Eksisterande utbyggingar kan ikkje legitimera nye naturinngrep

At Eikelandsvassdraget alt er delvis utbygd, er ikkje eit argument for at vassdraget skal byggjast ut ytterlegare. Nettopp fordi vassdragsnaturen i Fusa alt er så belasta

og under høgt press, er det viktig at dei urørte delane som er att av Eikelandsvassdraget får forbli urørte.

Når det gjeld samla belastning for alle dei 12 omsøkte småkraftverka i Kvam, Fusa og Samnanger kommunar, viser vi til felles uttale frå FNF.

Med venleg helsing

for Naturvernforbundet Hordaland

Synnøve Kvamme
Leiar

Oddvar Skre
Sakshandsamar

Kopi til

- Miljøverndepartementet, 8013 Dep, 0030 Oslo
- Olje- og energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 Oslo
- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavinga, Postboks 7310, 5020 Bergen